

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
41/2011	Formannskap	14.06.2011
13/2011	Kommunestyret	30.06.2011

Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 - ny behandling etter gjennomført offentlig høyring

1	U	Oppstartsmelding og planprogram - Reguleringsplan Klimapark2469	Adresseliste
2	U	Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram	Fylkesmannen i Oppland, Oppland Fylkeskommune, Statens vegvesen, NVE m.fl.
3	I	SV: Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram	Postmottak Fylkesmann - OP
4	I	SV: Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram	Oppland Fylkeskommune
5	I	SV: Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram	Firmapost-øst
6	I	Ang. uttalelse til oppstartvarsel og planprogram Reguleringsplanfor Klimapark 2469	Oppland fylkeskommune
7	I	Svarfrist Reguleringsplan for klimapark2469 på Juvflye, Lom kommune	Oppland fylkeskommune
8	U	Svarfrist Reguleringsplan for klimapark2469 på Juvflye, Lom kommune	Oppland fylkeskommune
9	I	Uttale frå Lom Tamreinlag på reguleringsplan for Klimapark2469 på Juvflye	Lom Tamreinlag AL
10	I	Lom kommune - reguleringsplan for Klimapark2469 - varsel om oppstart	Fylkesmannen i Oppland
11	I	Melding om oppstart av planarbeid og høring av planprogram - Reguleringsplan for Klimapark 2469 på Juvflye - Lom kommune, Oppland. NVEs merknader.	Norges vassdrags- og energidirektorat
12	I	Uttale til reguleringsplan	Juvasshytta AS
13	I	Oversending av uttale fra Hedmark fylkeskommune ved varsel om oppstart av reguleringsplan for Klimapark 2469 Juvflye	Oppland fylkeskommune, Kulturvern
14	I	Høringsuttale - Klimapark 2469 Planoppstart	Naturvernforbundet i Nord-Gudbrandsdal v/ Tom Ording Dahl
15	I	oppstart av reguleringsplan for Klimapark2469	Jotunheimen reiseliv v/ Astrid Gjertsen
16	S	Reguleringsplan Klimapark2469 - godkjenning av planprogram	
17	I	Innspel planarbeid Klimapark2469	Lom fjellstyre
18	I	Høyring av planprogram - reguleringsplan for Klimapark 2469 på Juvflye.	Rossehaug, Kristbjørn

19	N	Planprogram - reguleringsplan Klimapark2469, endring i framdriftsplan	Ola Helstad
20	I	Oversending av møtereferat fra regionalt planforum 11. januar 2011 vedrørende prosjektet Klimapark2469	Oppland Fylkeskommune
21	I	Reguleringsplan Klimapark2469 - innspel frå Juvasshytta	Juvasshytta v/ Per Vole, Anne Vangen
22	S	Reguleringsplan Klimapark2469 - vedtak om offentlig høyring av planframlegg	
23	U	Offentleg ettersyn: Framlegg til reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469	Adresseliste
24	U	Offentleg ettersyn: Framlegg til reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469	Adresseliste
25	U	Offentleg ettersyn: Framlegg til reguleringsplan Klimapark2469 - konsekvensutgreiingar	'postmottak@oppland.org' m.fl.
26	I	Klimapark - sosifil	Ann Ginzkey
27	I	BEMERKNING TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET VED JUVASSHYTTA OG KLIMAPARK2469	Olav Trønnes
28	I	Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark 2469	Statskog SF
29	I	Offentleg ettersyn: Framlegg til reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469, Lom kommune	Lom Fjellstyre
30	I	NVEs merknader ved offentlig ettersyn - Framlegg til reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 - Lom kommune, Oppland	Norges vassdrags- og energidirektorat
31	I	Offentleg ettersyn - Framlegg til Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark 2469 - Lom kommune	Hedmark Fylkeskommune
32	I	Høringsuttale	Jotunheimen Reiseliv AS
33	I	Framlegg til reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark 2469 - Høringsuttale	Interimstyret for Klimapark 2469 v/styreleder Frode Sannum
34	I	Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 i Lom kommune - Offentleg ettersyn	Statens vegvesen Region Øst
35	I	Lom kommune - reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 - høyring	Fylkesmannen i Oppland
36	S	Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 - ny behandling etter gjennomført offentlig høyring	

Vedlegg:

- 1 Plankart versjon 06.06.2011
- 2 Reguleringsføresegner versjon 06.06.2011
- 3 Planskildring Klimapark2469
- 4 ROS-analyse Klimapark2469

Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 - vedtak om offentlig høyring av planframlegg

Saksutgreiing

Med heimel i plan- og bygningslova er det starta opp arbeide med ny reguleringsplan (detaljregulering etter § 12-3 i PBL) i området ved Juvvatnet/ Juvflye. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for gjennomføring av **Klimapark2469**, eit område for formidling og forskning omkring globale klimautfordringar sett i samanheng med lokal avsmelting og funn av kulturminne. Planforslaget skal samtidig ivareta aktuelle miljøomsyn i eit sårbart og eksponert høg fjellsområde med store kvartærgeologiske verdiar og mange automatisk freda kulturminne.

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort 12.05.2010. Planprogram som avklarar rammer, premisser og føremålet med planarbeidet er utarbeidd av Lom kommune, og vart etter gjennomført høyringsrunde vedteke i formannskapet 17.08.2010, kommunestyret 23.09.2010. Planfirmaet Solvang og Fredheim Gudbrandsdalen AS har i samarbeid med prosjektgruppa for Klimapark2469 utarbeidd høyringsframlegg til reguleringsplan.

I følgje vedteke planprogram skal det gjennomførast 6 ulike konsekvensutgreiingar av planlagde tiltak etter § 4 i "Forskrift om konsekvensutredningar". Dei aktuelle utgreiingane er delvis gjennomført i forprosjektet for Klimapark2469 (5.1 – 5.3 i planprogrammet), og delvis i tidsrommet etter at planoppstart vart kunngjort (6.1 – 6.3 i planprogrammet). Konsekvensar av utbyggingstiltak for landskapsbilde er vurdert av Solvang og Fredheim Gudbrandsdalen AS. Lom kommune har gjennomført konsekvensutgreiing for Juvvatnet som drikkevasskjelde, og prosjektgruppa for Klimapark2469 har ansvaret for konsekvensutgreiing av sikkerheit og beredskap for dei planlagde tiltaka.

Samandrag av alle konsekvensutgreiingane finst i planskildringa, som er lagt ved saka.

Innkomne uttaler:

Det kom inn 10 skriftlege merknadar/innspel/uttaler i forbindelse med oppstartvarselet.

Statskog, brev datert 09.06.10.

Statskog skriv at dei som grunneigar i området, har vore helde løypande orientert om planane for området og dei tiltak som her blir beskrivi.

Prosjekt Klimapark 2469 vil kunne bli en eineståande arena for forskning, formidling og opplevingar - både for skoleklasser, forskingsgrupper, turistar og andre grupper.

Statskog skriv at dei så langt ikkje har spesielle merknader til planprogrammet og det vidare planarbeidet. Ved endelig godkjenning av planframlegget vil dei på vanlig måte krevje oppretting av festeavtale for det aktuelle arealet.

Lom Fjellstyre, brev datert 14.06.10.

Fjellstyret skriv at området er eit sårbart og eksponert høg fjellsområde med store verneverdiar, mange kulturminne og stor trafikk. Området utanfor vegen er urørt utanom den nyetablerte istunnelen på Juvfonna.

Juvasshytta v/Per Vole og Anne Wangen, brev datert 19.06.10.

Juvasshytta skriv at dei ikkje har merknadar i forhold til formålet med planarbeidet. Slik dei ser det, vil klimaparken være et interessant produkt i forhold til reiseliv, utvikling av næringa, og ikkje minst nye kundegrupper.

Juvasshytta har merknadar til den skisserte opparbeidinga av gangveg frå parkeringsområdet ved Juvasshytta til Juvfonna. I staden for den aktuelle utforminga foreslått som rister i terrenget, tilrår dei ein asfaltert gangveg langs allereie etablert bilveg. Denne kan avløysast av rister siste del mot Juva og fonna. Også på denne strekninga vil formidlingsstasjonane vere like aktuelle og enklare tilgjengelig i forhold til drifta vår og haust. Juvasshytta skriv dei er redd for at eventuelle rister vil skjemme terrenget mellom vegen og vatnet. Dette er eit område utan inngrep. Ein veg av metallrister meiner dei vil passe dårlig inn i det opne landskapet.

Dei skriv vidare at konseptskissa viser ein plan for "Basecamp" vest for kryss Juvasshytta-Galdhøpiggen sommerskisenter, relativt nær Juvasshytta. Det viser til at det ikkje sagt noe om storleik på bygget og at innhaldet er vagt formulert ved at det ikkje er opplyst om det er planlagt matservering, kiosksal eller anna type guiding enn klimaparken. Dei peiker på at Juvvatnet er drikkevasskjelde for Galdhøpiggen sommerskisenter og Juvasshytta, og at denne kjelda er svært sårbar. Det finnes ikkje andre moglegheiter for drikkevatt i området. Ved eventuell etablering av toalett etc. får man en ny mulig forureiningskjelde.

Juvasshytta ønsker ikkje at det blir reist et nytt bygg i forbindelse med Basecamp. Dei viser til at har Juvasshytta sidan 2006, stadig har vore under utbetring og utbygging. Siste byggeprosjekt er et bygg på 400m² med ca 60 sengeplassar. Med dette dannar bygningane til Juvasshytta eit tun. Ut frå deira ståstad er det uheldig med et nytt bygg som vist på kart i forhold til tenkt servicehus for klimaparken.

Dei skriv vidare at Juvasshytta ved hjelp av arkitekt, etter beste evne har forsøkt å konsentrere bygningar, service og trafikk etter en struktur som tar omsyn til vær og vind, og tilrettelagt for at det skal være enkelt å orientere seg for gjestene. Dei meiner toalett og servicebygg bør ikkje vere spreidd på fleire område av omsyn til dette.

Dei skriv at Juvasshytta vil få frigjort areal i 2.etg der dei kan tilby Klimaparken kontor og rom for forelesingar, og at dei som allereie avtalt med yter tenester i samband med sal og informasjon om Klimaparken.

Når det gjeld planane om å opparbeide gangsti frå Juvfonna til utsikten mot Kjelen, tykkjer Juvasshytta dette verkar spanande, men dei observerer stadig steinras der. Dei viser til at grunnen er ustabil, og går ut frå at området vert sikra godt da dei vil tru at det også vil ferdast folk der utanom de guida turane.

Fylkesmannen i Oppland, brev datert 24.06.10.

Fylkesmannen skriv at det tidlegare i 2010 vart gjeve ein tidsavgrensa dispensasjon for uttesting av tiltak, opplevingar, formidlings- og forskingsaktivitet i Klimapark2469. Dei viser til deira innspel ved behandlinga av denne dispensasjonen (brev 11. mars 2010), særleg i høve til overvaking av effektane av tiltaka.

Fylkesmannen skriv vidare at det er positivt at det er lagt opp til konsekvensutgreiing m.a. i høve til landskapsbilete. Som nemnt frå kommunen er dette eit sårbart og eksponert høg fjellsområde, i tillegg til at tiltaka vil bli liggjande nær nasjonalparkgrensa. Det er difor sær viktig at det blir lagt vekt på god landskapstilpassing av aktuelle tiltak.

Fylkesmannen har ut over dette ikkje vesentlege merknader til oppstartmeldinga.

Lom tamreinlag, brev datert 24.06.10.

Lom tamreinlag skriv at dei er positive til planane på Juvflye i forbindelse med Klimapark 2469. For næringa er det positivt at det blir fokusert på utnyttinga av fjellet gjennom tidane, og at det meiner det er sær interessant med funna og fangstområdet som er avdekka.

Tamreinlaget skriv at Juvflye er eit viktig beiteområde for tamreinen i Lom sumar og vinter.

Under aktuelle tiltak innanfor området, meiner tamreinlaget ein opparbeidd gangbane frå parkeringsområdet ved Juvasshytta til Juvfonna med universell utforming slik som foreslått, vil skapa problem for tamreinflakken. Tamreinlaget er redde for at dyra kan skade seg på dei planlagde installasjonane. Dei ber difor om at andre alternativ vert utreda. Tamreinlaget meiner ein veg/stig nær eksisterande bilveg vil vera eit betre alternativ.

Jotunheimen Reiseliv – e-post datert 25.06.10.

Jotunheimen Reiseliv AS har ingen merknader til oppstart av arbeidet med reguleringsplan for Klimapark2469. Dei støtter prosjektet som et reiselivsprodukt, og ser ein unik mogelegheit til å sjå forskning, tilrettelegging og verdiskaping i det lokale næringsliv i samanheng. Reiselivslaget meiner det likevel er viktig å analysere og sjå på eventuelle konsekvensar for bruken av området, og at kulturminne og miljø må ivaretakast.

Naturvernforbundet i Nord-Gudbrandsdal – e-post datert 25.06.10.

Naturvernforbundet skriv at Klimapark 2469 er eit flott tiltak som har mange gode intensjonar. Naturvernforbundet set stor pris på ideane i prosjektet, sjølv om det kan være grunnlag ein del merknadar.

Dei viser til at det i Juvfonnområdet berre i 2009 er gjort hundrevis med arkeologiske funn. Dette er gjenstandar som har vore i breen i hundrevis av år og som har blitt synlege no pga bresmelting. Dei er redd signaleffekten av at fylkesarkeologane startar graving i en snøfonn som har produsert så enormt mye kulturminne. Dei meiner gravinga også burde finne stad på ein meir skånsam måte, med grundig tining/siling av massane. Dei meiner det er ein fare for at respekten for kulturminneloven svekkast når ein kan gjere slike inngrep, samtidig som det er strengt elles med automatisk freda kulturminne.

Når det gjeld planane om ein gangveg/gangbane frå P-plass Juvasshytta til Juvfonna, meiner Naturvernforbundet denne må anleggast på spesielt skånsam måte sidan dette er områder med sårbar natur, sjeldan polygonmark og kulturminne i store mengder. I planprosessen må ein setje søkjelys på plan for korleis prosjektet skal drives framover, med detaljer om økonomi, vedlikehald, søppelfjerning, oppsyn, og kven som står ansvarlig for eventuelt å fjerne installasjonane i tilfelle klimapark 2469 leggjast ned.

Naturvernforbundet skriv at Klimapark 2469 har kunngjort at istunnelen i Juvfonna opnar 22.juni 2010. Dette skjer før reguleringsplan og konsekvensanalysar er ferdig. Sett i lys av dette skulle istunnelen ikkje vore påbegynt før all konsekvensutgreiing og alt planarbeid var ferdig.

Naturvernforbundet viser til at ein klimapark burde vere klimanøytral. Dei meiner derfor det er bra at lys i istunnelen er basert på solceller. Likevel bør det settes noen "klima" mål frå start og en plan for å bli betre. Dei spør om det til dømes er mogeleg å starte turen frå Lom/Galdesand med busser, og om parkeringsavgift og/eller auka bomavgift ved parken kan subsidiere miljøvennlig, rimelig buss med guide.

Naturvernforbundet i Nord-Gudbrandsdal skriv at sjølv om dei kjem med ein del kritikk av detaljar, er dei i hovudsak veldig glade for tiltaka i Klimapark 2469 - sidan det på ein fin måte set fokus på globale, viktige problem og har ein stor verdi i arbeidet med å formidle dette til folk i alle aldersklasser. Dei skriv til slutt at Naturvernforbundet i Oppland støtter uttala.

NVE, brev datert 29.06.2010.

NVE skriv at det i følgje planprogrammet og konsekvensutgreiingsprogrammet skal vurderast fare i forbindelse med ras og flom, samt omsynet til drikkevasskjelda i Juvvatnet. Det bør også gå fram av vurderingane om omsynet til Bøvra (varig verna vassdrag) og vassdraget sitt verneformål er tilstrekkelig ivareteke. Sjølv om ein finn at det ikkje ligg føre fare eller at

verneformålet ikkje vert skadelidande, så skal det gå fram av planen at dette er vurdert. NVE føreset at det gjerast tilstrekkelege vurderingar i det vidare arbeidet med planen, og kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med noen av deira andre ansvarsfelt.

NVE viser elles til deira retningslinjer *Planlegging og utbygging i fareområde langs vassdrag*

Lom kommune sin representant for barn- og unge, e-post datert 30.06.10.

Skriv at han som barnerepresentant ynskjer dette arbeidet velkome. Ut frå det han kan sjå, ser det ut som dei omsyna som bør takast, er tekne. Han har såleis ingen merknader til plan- og konsekvensutgreiingsprogrammet.

Hedmark fylkeskommune – Fylkesdirektøren, brev datert 16.07.10 (avtalt utsett uttalefrist).

(Fageining for kulturvern i Oppland Fylkeskommune vurderer seg som inhabile etter forvaltningslova § 6, anna ledd. Dette på bakgrunn av at "Klimapark2469" får økonomisk støtte frå Oppland fylkeskommune og har prosjektleiing/prosjektmedarbeidarar som er knytt til fageininga. Saka er derfor oversendt Hedmark fylkeskommune som kulturminnemynde)

Hedmark fylkeskommune skriv at dei ser svært positivt på prosjektet si kopling mellom klimautfordringar og kulturminne. Dei viser til at det er gjort ei rekke arkeologiske funn i samband med registrering innafor planområdet. Fylkeskommunen meiner funna er ei viktig kjelde for ny kulturhistorisk og klimahistorisk kunnskap og er såleis av stor betydning i forhold til dagens klimautfordringar. Det nyoppdaga kulturmiljøet er svært sårbart.

Hedmark fylkeskommune viser vidare til at det i samsvar med planprogrammet er utarbeidd ein sårbarheitsanalyse av klimaparkområdet når det gjeld kulturminne. Ut frå den foreløpige rapporten frå registreringa som Hedmark fylkeskommune har fått tilsendt, vert vedlagt kart oppfatta som det området som er arkeologisk registrert. Planområdet utgjer eit betydelig større areal, og dei kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på at heile planområdet er registrert. Hedmark fylkeskommune finn det derfor nødvendig å stille spørsmål om undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 er oppfylt. Dette må avklarast før eit eventuelt planforslag leggst ut til offentlig ettersyn.

Dei viser vidare til at sårbarheitsanalysen konkluder med at anlegg av gangveg frå bilvegen til Juvfonna, ikkje vil ha noen konsekvens for faste kulturminne fordi traseen skal gå utafør bogestillingane og medføre færrest mogeleg terrenginngrep. I analysen vert det vidare konkludert med at anlegg av stig frå Juvfonna til Kjelen kan vere problematisk for den første delen, da det finst bogestillingar og stolpefester, men at dette likevel ikkje vil få direkte negative konsekvensar for desse. Hedmark fylkeskommune er ikkje utan vidare samd i ei slik vurdering i forhold til om disse tiltaka vil framstå som utilbørlig skjemma, jf. kulturminneloven § 3.

Hedmark fylkeskommune viser til at det innafor planområdet ligg et unikt og sårbart kulturmiljø. Dei skriv at sjølv mindre tiltak i området, også reversible, derfor må vurderast nøye i forhold til inngrep og utilbørlig skjemming. Sidan planen legg opp til gjennomføring av nokon tiltak som rører ved dette kulturmiljøet, vurderast det som nødvendig at det søkes om dispensasjon frå kulturminneloven § 8, fjerde ledd i samband med den vidare planprosessen. Sidan Hedmark fylkeskommune er å sjå på som regional kulturminnemynde i denne saka, må dei foreta en synfaring av området i samband med vurdering av dispensasjonsspørsmålet i forhold til planlagde tiltak. Slik synfaring vart gjennomført i september 2010.

Vurdering

Etter at uttalefristen for oppstartsvarslet var ute, har det vore gjennomført møte og synfaring med mellom andre Hedmark Fylkeskommune og Riksantikvaren. Dette har ført til at dei spørsmål som er nemnt ovanfor i høve til Kulturminnelova er avklart og innarbeidd i framlegget.

Tiltak innanfor bandleggingssona rundt funnområdet ved Jufonne skal tillatast berre i samband med naudsynt skjøtsel og tilrettelegging i regi av kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune jamfør kulturminnelova § 11a). Tiltaka skal gjennomførast i medhald av skjøtselplan utarbeidd av Oppland fylkeskommune.

Vidare vart framlegget til reguleringsplan presentert og drøfta på regionalt planforum i januar 2011, der representantar for Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelinga, og Hedmark Fylkeskommune, seksjon for samferdsel, miljø og plan, deltok. Alternative løysingar når det gjeld reguleringsføremål og reguleringsføresegner vart drøfta, og innspela som kom fram er innarbeidd i planframlegget.

Plankonsulentane sine vurderingar er i stor grad lagt til grunn for gjennomgangen nedanfor:

Ut frå dei innkomne merknadane, er det først og fremst diskusjon og mogelege konflikthar knytt til plasseringa av forskings- og informasjonssenter (basecamp) og dei universelt utforma gangbanene i form av gitterrister som skal ligge over terrenget. Plankonsulent har saman med prosjektgruppa vurdert plasseringa av desse anlegga i terrenget på nytt.

Forsknings- og informasjonssenteret (basecamp) slik den var planlagt plassert i konseptskissa frå Expology, vil ligge på vestsida av vegen rett i utsikta frå Juvasshytta mot Juvatnet og Kjelen, i eit område som er utan inngrep i dag. Eigarane av Juvasshytta peiker på at plasseringa er uheldig ut frå deira interesser, og også kan utgjere ei potensiell fare for forureining av Juvatnet som er einaste drikkevasskjelde i området.

For Klimapark2469 kan ei plassering av basecamp på nedsida av vegen vere teneleg, da ein ikkje vil få kryssing av veg for å kome ut på gangbanar og formidlingsstasjonar. Men både eksisterande og planlagde parkeringsplassar, er lokalisert på øvre sida av vegen, slik at ein likevel ikkje heilt unngår kryssing av vegen.

Som bakgrunn for ei nærare vurdering av plasseringa av basecamp, har ein gjort ei enkel konfliktvurdering som er lagt ved konsekvensutgreiinga for landskapsbilete. Ut frå ei samla vurdering har ein enda opp med å lokalisere basecamp på austsida av vegen, nord for Juvasshytta, i reguleringsplanforslaget. Arealet her er godt eigna med godt utsyn mot Juvatnet, Kjelen og fjell rundt i fleire retningar. Det vil vere enklare og kople seg på og samordne avlaup, straum og anna infrastruktur med Juvasshytta. Vegen kan også tene som ei barriere mot forureining av drikkevasskjelda, som i alle fall vil forsinke og gjere det lettare å samle opp eventuelle uønska utslepp.

Det er stilt spørsmål om behovet for å bygge ein basecamp. Ei slik vurdering må gjerast av tiltakshavar. Planforslaget slik det ligg, opnar for at det kan byggast forsknings- og informasjonssenter (basecamp). Men det utelukkar ikkje at ein eventuelt kan finne andre løysingar i samarbeid med Juvasshytta i den første tida, eller eventuelt som ei varig løysing.

Gangbanene med formidlingsstasjonar i terrenget var i konseptskissa frå Expology plassert forholdsvis nær Juvatnet. På lange strekningar går traséen over storsteina ur med polygonmark. Traséen ligg ganske lågt plassert i terrenget, slik at snøen ligg forholdsvis lenge. Ved synfaring i juni 2009 låg det store mengder snø her. Som bakgrunn for ei nærare vurdering av plasseringa av gangbana, er det også for denne gjort ei enkel konfliktvurdering som er lagt ved konsekvensutgreiinga for landskapsbilete. Både vurderingane av mogelege konflikthar, at plassering av universelt utforma gangbaner vil vere vanskeleg i den storsteina ura, og det forhold at snøen ligg lenge, gjer at ein i reguleringsplanforslaget har enda opp med ei alternativ lokalisering. I framlegget til reguleringsplan er derfor område for anlegg av gangbaner lagt nærare bilvegen på den første strekninga. Terrenget her ligg høgare og det er mindre snø, samstundes som grunnforholda her er enklare. Lokaliseringa nærare vegen, gjev også ein

mogelegheit for at bygginga av dei universelt utforma av gangbanane kan skje etappevis, ved at ein bygger ut strekninga frå vegen ned mot osen av Juvvatnet først. Ein kan da mellombels nytte vegen som tilkomst den første strekninga frå basecamp/Juvasshytta til ein får bygd ut heile strekninga. Stigningsforholda er ei større utfordring her enn for den opphavlege plasseringa lengre ned mot Juvvatnet, men skal kunne la seg løyse.

Når det gjeld utforminga av gangbanene, er det skissert ei mogeleg løysing med gitterrister for mest mogeleg å skåne terrenget under. Tamreinlaget er redd at reinen kan skade seg på desse. Ein går ut frå at ein tek omsyn til dette ved av anlegg av gangbanene, og reguleringsføresegnene legg opp til at ein står fritt når det gjeld materialval og utforming. Flytting av traseen lenger opp mot vegen, vil også truleg redusere konflikten med tamreindrifta noko.

Det er nokre merknader om anlegg av stig frå Juvfonne/ Juvassosen til Kjelen både i forhold til kulturminne og sikkerheit. Ein slik stig er tenkt å vere enkelt tilrettelagt ved hjelp av handreiskap, og er ikkje planlagt med universell utforming. I planforslaget er det avsett eit større område der en opparbeid stig kan lokaliserast. Ein føreset at ein finn ein lokalisering som der sikkerheita kan bli godt ivareteke samstundes med at ein unngår skade på kulturminne og anlegg som vil verke skjemmande i forhold til desse.

Tilrådingane i dei ulike konsekvensutgreiingane er innarbeidd i planframlegget.

Med dei endringar som er innarbeidd i planforslaget når det gjeld m.a. plassering av forskings- og informasjonssenter, plassering av gangbaner/ klimaløype og avklaringar i høve til kulturminnelova, vil administrasjonssjefen tilrå at framlegget til reguleringsplan blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 og 12-11, blir framlegget til ”Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469” med plankart datert 31.03.2011 og planskildring og reguleringsføresegner datert 04.04.2011, lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med frist for uttale på minst 6 veker frå kunngjeringsdato.

Saksprotokoll i Formannskap - 12.04.2011

Behandling

Mai Bakken ba formannskapet om å vurdere hennar habilitet i saka og gjorde rede for bakgrunnen for dette. Mai Bakken gjekk frå møtet under behandlinga av hennar habilitet. Odd Arne Kroken overtok møteleiinga. Formannskapet konkluderte samrøystes med at Mai Bakken er habil i saka. Mai Bakken kom til møtet og overtok møteleiinga.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 og 12-11, blir framlegget til ”Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469” med plankart datert 31.03.2011 og planskildring og reguleringsføresegner datert 04.04.2011, lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med frist for uttale på minst 6 veker frå kunngjeringsdato.

Samrøystes.

Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 - ny behandling etter gjennomført offentlig høyring

Saksutgreiing

Framlegg til reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469 har vore lagt ut til offentlig ettersyn og høyring i perioden 14.04. – 26.05.2011. Høyringa har vore kunngjort gjennom annonse i GD, annonse i Fjuken, og på kommunen sine heimesider. Planframlegget med alle vedlegg har vore lagt ut i servicetorget på Midtgard, på Lom Folkebibliotek og på Coop-marked Galdesand. Høyringsframlegget med vedlegg har vore sendt ut pr. post/ e-post etter same adresseliste som vart nytta ved oppstartsmeldinga. Den 10.05.2011 vart det gjennomført eit ope informasjonsmøte om høyringsframlegget på Norsk Fjellmuseum.

Det har kome 10 høyringsuttaler til planframlegget:

Juvasshytta, brev datert 08.03.2011:

”Juvasshytta er glad for at en del innsigelser i forhold til aktuelle tiltak innenfor planområdet er tatt til følge og planen revidert. Formålet med planarbeidet har vi fortsatt ingen innsigelser til. Det er så vidt vi har kjennskap til fortsatt på planen å sette opp et hus - nevnt som Basecamp - i første planutkastet. Juvasshytta ønsker fortsatt ikke et bygg her, og foreslår at dette (BaseCamp) slettes fra kommende reguleringsplan.

Juvasshytta ble bygget av Knut Vole i 1884, basert på behov for rast og hvile/ly under gjestenes ferd til Galdhøpiggen. Stedet har bygget seg opp "stein for stein" gjennom generasjoner med hytte på Galdhøpiggen og ikkje minst veg. Vi ønsker å føre forfedrenes arv vidare uten og forringe fremtidige muligheter eller det arbeid og ressurser som er tilført området stort sett med private midler og særdeles stor egeninnsats. Dette er arv som skal føres vidare til neste generasjon.

Vi bistår gjerne Klimaparken med nødvendige husrom/arenaer for formidling for å ta vare på et prosjekt som skal videreutvikles. Som nevnt i brev fra Juvasshytta 19.06.2010 er vi i ferd med å bygge opp infrastrukturen i forhold til husmasse, veg, informasjon og parkering. Til dette arbeidet er det nyttet ekstern hjelp for å finne ut av, og arkitekt m. flere har deltatt. Økonomisk for klimaparken må det være en fordel at det kan benytte eksisterende bygg i forhold til å føre opp nye hus. Sesongen så høyt til fjells er begrenset av værforhold og relativt kort sesong. Driftsmessig er det helt klart bedre økonomi i en slik løsning.

Vi ser det som positivt at Klimaparken etableres, men tror det er mange flere som kan ha glede av den ved å etablere en informasjonsbase mer sentralt og lettere tilgjengelig. I tillegg til generelle værforhold vil driften av vegen være krevende undre spesielle forhold. Den kan bli stengt i løpet av svært kort tid.”

Advokat Olav Trønnes på vegne av Juvasshytta, brev datert 03.05.2011

Advokat Trønnes går i gjennom dei uttaler og innspel Juvasshytta har kome med så langt i saka, sist ved brev nemnt ovanfor, og prosessen i reguleringsarbeidet fram til høyring av planframlegg. Trønnes viser til at det i planframlegget er lagt område for forskings- og informasjonssenter (AT1 - Basecamp) på austsida av Galdhøpiggevegen nord for området til Juvasshytta. Juvasshytta sine tidlegare merknader er etter dette berre delvis etterkome. Samtidig understrekar Trønnes at denne plasseringa gjev ei betre løysing enn tidlegare forslag, jfr konsekvensutgreiingane.

Trønnes viser vidare til at Klimaparken siste sesong leigde to rom på Juvasshytta, og at dette om ønskjeleg kan utvidast med møterom, kontor etc. innanfor eksisterande bygningsmasse. Dersom det likevel er ønskjeleg med eit eige bygg for Klimaparken kan dette leggest innanfor Juvasshytta sitt område, som ein del av tunet som ligg der i dag og tilpassa anlegget på Juvasshytta. Dermed unngår ein to utbyggingsområde, med dei ulemper det har for infrastruktur, naturvernomsyn osv. Trønnes konkluderer med at det ikkje er behov for noko eige

utbyggingsområde AT1 for Klimapark2469, alternativt at dette blir innarbeidd innafor utbyggingsområdet for Juvasshytta.

Når det gjeld trase for gangveg/ gangbaner frå parkeringsområdet til Juvfonna og gangsti vidare mot Kjelen, blir det vist til at det i høyringsframlegget er gjort endringar/ tilpassingar i tråd med innspel frå Juvasshytta. Juvasshytta har uttrykt skepsis til bruk av gitterrister, ein forutset at endeleg utforming av gangbanene skjer etter ei heilheitsvurdering der ein finn fram til formålstenlege løysingar som samtidig gjev minst mogleg skjemmaende inngrep i landskapet.

Til slutt blir det understreka at Juvasshytta på ingen måte er negativ til Klimapark2469, tvert i mot, men at det er peikt på forhold som kan løysast på langt betre måtar for alle involverte.

Lom Fjellstyre, utskrift av møtebok 12.05.2011

”Planområdet og dei planlagte aktivitetane og installasjonane må seiast å vera lite konfliktylte i høve til bruksrettane som fjellstyret skal ivareta. Det er eit såpass høgtliggjande område at det er berre marginale beite for husdyr. Men fjellstyret leiger ut beite til tamreinlaget, og der planlagte inngrep og aktivitetar vil skje i deira beiteområde, bør fjellstyret ta med dette i vurderinga av fordelar og ulemper ved tiltaka.

Ved innspel til planane er det frå Lom Tamreinlag og frå Juvasshytta v/Per Vole og Anne Wangen uttrykt skepsis til dei planlagte gangbanene i form av metallrister. Det er frykt for at tamreinen kan skade seg på dei, og peikt på at desse vil verke skjemmaende i terrenget. Ein fordel med slike gangbaner vil vera at dei ikkje medfører noko permanent inngrep i terrenget, men lett kan fjernast att viss det syner seg at dei ikkje er funksjonelle, eller representerer nokon fare for at dyr kan skade seg av dei.

Eit viktig formål med planarbeidet er å leggje til rette for å kunne gjennomføre Klimapark2469, ”eit område for formidling og forskning omkring globale klimautfordringar sett i samanheng med lokale klimaprosessar og funn av kulturminne.” Dei ymse forskingsetatane er, og vil vera, viktige støttespelarar og bidragsytarar til å kunne gjennomføre Klimapark2469. Det er derfor viktig og nødvendig å leggje forholda til rette slik at desse kan drive sitt arbeid og sine aktivitetar i området m.a. med ein forskingsstasjon, lokalisert saman med eit informasjonssenter om både Klimapark2469 og nasjonalparken, viss dei ser dette som ei nødvendighet. Dette bør da også innehalde toalett- og sanitæranlegg for besøkjande i Klimaparken.

Eit anna punkt i oppstillinga av formåla med planarbeidet er ”tilrettelegging for næringsdrift knytt til Juvasshytta turishytte”. Dette bør supplerast med reiselivet generelt, slik at det blir ”tilrettelegging for næringsdrift knytt til Juvasshytta turishytte spesielt og til reiselivet i området generelt”. Det er fleire reiselivsaktørar enn Juvasshytta som er aktuelle og aktive med guiding til Galdhøpiggen, og som m.a. vil forsyne Klimapark2469 med gjester. Det er viktig å få med i planen at det også skal vera ei tilrettelegging for reiselivet i Lom generelt, med ein allmen parkeringsplass og informasjon om både nasjonalparken og Klimapark2469.”

Samrøystes uttale frå Lom Fjellstyre:

”Fjellstyret meiner at tredje kulepunkt under ”Mål med reguleringsplanen” bør lyde: *tilrettelegging for næringsdrift knytt til Juvasshytta turishytte spesielt og til reiselivet i området generelt.* Ut over dette har ikkje fjellstyret forslag til endringar av planføresegnene, men vil vise til det som er sagt i merknadene til saka, om at det er viktig å leggje forholda til rette for at dei ymse forskingsetatane skal ha tilfredsstillande vilkår.”

Statskog, brev datert 16.05.2011

”Som grunneier har Statskog gitt positive tilbakemeldinger på de utviklingsplaner som knytter seg Klimapark 2469, og vi har heller ikke hatt vesentlige merknader til de planer som hittil har vært framlagt. Det har likevel vært grunn til å understreke at dette er tiltak i en svært rikholdig og ytterst sårbar høyfjellsnatur, der hvert enkelt tiltak krever grundig planlegging.

Vi har merket oss at planforslaget er en del omarbeidet etter at varsel om oppstart og høring av planprogram ble utsendt i mai 2010 — både som følge av innkomne merknader og konsekvensutredninger innenfor 6 ulike tema/fagfelt. Følgelig har en nå et bedre grunnlag til å ta de nødvendige beslutninger om arealbruk, utforming/tekniske løsninger m.m.

Fra vår side vil vi støtte forslaget om å legge forsknings- og informasjonssenteret (basecamp) på østsida av vegen nord for Juvasshytta. Av flere hensyn er det også et pluss at gangbanen nå er lagt nærmere og parallelt med bilvegen på den første delen av strekningen mot Juvfonna. Videre er det nye parkeringsarealet (ca. 80 biler) ved innkjøringen til Juvasshytta en naturlig utvidelse av eksisterende parkeringsplass.

Statskog har heller ikke andre vesentlige innvendinger til den foreslåtte reguleringsplanen. Ved endelig godkjenning av reguleringsplanen vil vi - som tidligere nevnt — få komme tilbake til festeavtale for området.”

Hedmark Fylkeskommune, brev datert 24.05.2011

Hedmark fylkeskommune kjem med uttale som kulturminnemynde på bakgrunn av at Fageining for kulturvern i Oppland Fylkeskommune vurderer seg som inhabile etter forvaltningslova § 6, anna ledd. Dette på bakgrunn av at ”Klimapark2469” får økonomisk støtte frå Oppland fylkeskommune og har prosjektleiing som er knytt til fageininga.

”Planfaglige merknader: Fylkesdirektøren har ingen vesentlige planfaglige merknader til saken.

Kulturvern faglige forhold: I forbindelse med melding om oppstart av reguleringsplanen, ble det vedlagt en sårbarhetsanalyse i forhold til planlagte tiltak innenfor områder med forekomst av automatisk fredete kulturminner. Tiltakene ble ansett å være av slik karakter at det ble antatt at det måtte søkes om dispensasjon fra kulturminneloven § 8, fjerde ledd. I henhold til planforslaget som nå er lagt ut til offentlig ettersyn, er tiltakene i stor grad reversible. De planlagte tiltakene ses som en del av tilrettelegging og skjøtsel av dette unike kulturmiljøet. I henhold til planens bestemmelser utarbeides skjøtelsesplan av Oppland fylkeskommune. Denne skal ivareta et best mulig vern av kulturmiljøet i forbindelse med tiltak som er nødvendig å foreta i forbindelse med gjennomføringen av tilrettelegging og skjøtsel.

På grunnlag av ovennevnte, vurderer fylkesdirektøren at planlagte tiltak innenfor områder bestående av automatisk fredete kulturminner er å anse som tilrettelegging og skjøtsel av kulturminner og faller således inn under kulturminneloven § 11 a. Fylkesdirektøren anser dermed at planen ikke trenger dispensasjonsbehandling fra kulturminneloven § 8, fjerde ledd.”

NVE, brev datert 25.05.2011

NVE viser til tidlegare uttale i saka (m.a. om omsyn til Bøvre som verna vassdrag, og om nødvendige vurderingar av flom- og skredfare), og har ikkje andre merknader til planframlegget.

Statens vegvesen, brev datert 25.05.2011

Statens vegvesen vurderer ikkje planen slik at den medfører konsekvens for trafikken på FV55 eller avkøyringa frå denne, og har derfor ikkje merknader til planframlegget.

Interimstyret for Klimapark2469, brev datert 25.05.2011

”Utvikingen av Klimapark 2469 har vært er samarbeidsprosjekt hvor en rekke parter har vært involvert. Sentrale parter har vært Oppland fylkeskommune, Lom kommune, Norsk fjellmuseum, Nasjonalparkriket, Fylkesmannen i Oppland, SNO. Videre har det vært involvert nasjonale forskningsinstitusjoner, og en har hatt samhandling og prosess med lokale aktører. Gjennom dette arbeidet har i en kommet frem til en hovedretning for både kortsiktige og langsiktige mål for Klimapark 2469.

Klimapark 2469 AS skal gjennom tilbud utviklet i samarbeid med faglig kompetente aktører og tilrettelagt for et bredt publikum, formidle deltakende opplevelser av og innsikt i pågående klimaprosesser og samspillet mellom natur og mennesker i et langtidsperspektiv. Formidlingen og opplevelsene skal skape interesse og forståelse for tematikken, samt bidra til verdiskaping og innovasjon.

Reguleringsplanen legger på en god måte til rette for at planer for Klimapark 2469 kan realiseres og utvikles i samsvar med intensjonene, både på kort og lang sikt.”

Jotunheimen Reiseliv, brev datert 26.05.2011

”Jotunheimen Reiseliv AS meiner at planane som ligg føre i den framlagde reguleringsplanen for området, vil vere eit viktig bidrag, og i ei styrking av reiselivet lokalt og regionalt. Jotunheimen Reiseliv AS er destinasjonsselskapet for Vågå – Lom – Skjåk kommunar, og ser positivt på at vi får fleire og gode reiselivsprodukt.

Galdhøpiggen og alle dei gode tilboda i området er noen av dei viktigaste produkta vi har og kan denne planen legge til rette for ytterligare næringsutvikling er det verdefullt. I formålet for planen er det eit punkt som seier: ”Legge til rette for næringsutvikling knytt til Juvasshytta”. Det er viktig at planen tek omsyn til allereie beståande næring i området. Det er viktig at det tas spesielt omsyn til Juvasshytta som ei tradisjonsrik reiselivsbedrift på Juvflya, men og at det generelle reiselivet blir teke med i målformuleringa.

Klimapark2469 er eit unikt prosjekt kor det må tilretteleggast for gode informasjons og formidlings arenaer. Det at forskarmiljø, miljøinteresser og reiselivet generelt kan ha ei samhandling, og ein tilrettelegging som tek i vare alle desse forhold, er verdefullt, gjev moglegheit til mange synergjar og verdiskaping. Klimapark2469 har ynskje om å sette opp eit bygg til dette formålet jf pkt 2 under tiltak: ”Portal/bygning for informasjon, utstilling, billettsal osv. kombinert med ein mindre feltstasjon for forskingsaktivitet ved starten på gangvegen.” Jotunheimen Reiseliv AS oppmodar Klimapark 2469 i det vidare arbeidet med fasilitetane å ha ei god samhandling med Juvasshytta, som den største reiselivsaktøren, for å finne gode løysingar. Jotunheimen Reiseliv AS ynskjer at det blir teke omsyn til eksisterande næring ved plassering av eventuelle bygg.

Jotunheimen Reiseliv AS ser positivt på at Klimapark2469 vil bli eit reiselivsprodukt som blir lett tilgjengeleg for folk. Det er viktig at nasjonalparkane og naturen blir meir tilgjengeleg for alle og at nye marknads segment som krev universell utforming og tilrettelegging blir teke omsyn til. Jotunheimen Reiseliv AS ser positivt på og støttar dei planane Klimapark2469 har på Juvplataet, Juvasshytta – Juvfonna, med merknader som kjem fram i denne høyringa.”

Fylkesmannen i Oppland, brev datert 30.05.2011 (utsett høyringsfrist)

Fylkesmannen peiker på at det har vore ein grundig planprosess så langt, og viser til tidlegare innspel m.a. i møte i februar 2010, i regionalt planforum og i brev av 11. mars 2010. Vidare understrekar Fylkesmannen dei naturverdiane som finst i dette høgfjellsområdet, og at området er ein sentral innfallspurt for turar i Jotunheimen og dermed også slik sett har viktige kvalitetar.

”Det viktigaste omsynet for Fylkesmannen i denne saka så langt har vore å unngå irreversible effektar ved dei tekniske inngrep som er nødvendig i formidlinga, samt å syte for at effektane av dei tiltaka som blir sett i gang også blir overvaka. Dette særleg med utgangspunkt i dei store kvartærgeologiske verdiane i området knytt til ulike typar frostjordsformar, som tidlegare er foreslått verna.

Reguleringsføresegnene for område AT1 tillet bebygd areal på 20 prosent BYA. Vi kan ikkje sjå at det er trong for meir enn BYA inntil 10 prosent for å dekkje dei funksjonane som ligg i arealformålet her. Området ligg i høgfjellet og vil vere svært eksponert. Som følgje av ratifiseringa av Den europeiske landskapskonvensjonen og St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, er krava til landskapsomsyn i planlegginga skjerpja.

Fylkesmannen har motsegn til pkt. B i reguleringsføresegnene for AT1 med mindre BYA blir sett til maksimalt 10 prosent i staden for 20 prosent.

Vi ber også om at dette tillegget blir teke med i reguleringsføresegnene for AT1, og har motsegn dersom dette ikkje blir gjort: "Ved ønske om endra bruk av bygga i høve til arealformålet (forsknings- og informasjonssenter) skal dette vurderast gjennom ei ordinær reguleringsendring."

Ut over dette har ikkje Fylkesmannen omfattande merknader til framlegg til reguleringsplan, men ber likevel om at følgjande blir følgd opp, m.a. som følgje av den kunnskapen som har kome fram gjennom arbeidet med konsekvensutgreiingane:

1. Omsyn til den raudlista karplantearten Snøgras (VU — dvs sårbar). Det er registrert ein førekomst ved utlaupet av Juvatnet, på grensa mellom KL2 og KL3, samt nedanfor Juvasshytta der vassinntaket ligg i Juvatnet.

2. Fylkesmannen meiner vidare at det ikkje er rett å binde reguleringsplanen opp til eitt val av teknisk løysing for tilkomst i ny gangveg med universell tilrettelegging mellom AT1 og AT2, via KL1 (Klimaløype med formidlingsstasjonar). Fylkesmannen meiner at omsynet til universell tilrettelegging av løypa må vurderast på nytt, dersom det viser seg at dette ikkje kan innarbeidast utan skader på og irreversible inngrep i dei kvartærgeologiske verneverdiane. Dersom ein ikkje finn ei akseptabel gangbaneløysing, må stigen etablerast utan graving som medfører slike skader og inngrep som nemnt over. Formuleringa "om mogeleg" — som føresetnad for å etablere gangvegar med universell utforming, jf. reguleringsføresegnene pkt. 4.2, 4.3 og 4.4, må knytast til om tiltaket skader dei kvartærgeologiske avsetningane."

Under det opne informasjonsmøtet 10.05.2011 vart m.a. følgjande problemstillingar/ kommentar teke opp av dei frammøtte:

- Gitterister kan bli oppfatta som eit framandelement. Kva for materiale vil bli nytta ?
- Må første del av traseen for klimaløypa vera så brei?
- Nødvendig å tilrettelegge over elva/bekken, og siste stykket opp mot tunnelen, glatt og isete
- Rasfarleg i morena mot Kjelen, må vurderast nøye kvar ein legg stigen der
- Må vere bevisst på kva for batteritypar som blir nytta på solcelleanlegget i istunnelen, jamfør punkt om lagring av kjemikalier
- Trykkfeil i planskildringa s. 5, feil namn i samband med kvartærgeologisk utgreiing

Ein meir tydeleg klimanøytral profil i prosjektet vart etterlyst i møtet, jamfør klima- og energiplan for Lom - f.eks. klimanøytral infrastruktur og transporttilbod.

Det vart og stilt spørsmål ved om det er rett å hogge i ei snøfonn som er registrert som kulturminne - bør all snøen bli sila for å avdekke eventuelle funn?

Vurdering

Det har ikkje vore merknader til konsekvensutgreiingar eller ROS-analyse frå nokon av partane som har gjeve uttale til planframlegget.

Fylkesmannen i Oppland har varsla motsegn til planframlegget på to punkt, tillete grad av utnytting for område AT1 (forsknings- og informasjonssenter), og føresegner vedr. prosess ved eventuell endra bruk/formål for bygning. Planføresegnene for område AT1 er etter dette endra i tråd med fylkesmannen sin uttale:

Punkt 2.1.1 A): *Innafor området skal ein kunne drive forsknings- og informasjonssenter knytt til Klimapark2469 med tilhøyrande aktivitetar, likeeins drive informasjon om verneområde, Jotunheimen nasjonalpark m.m. Ved eventuelt ønske om endra bruk av bygga i høve til arealformålet (forsknings- og informasjonssenter) skal dette vurderast gjennom ei ordinær reguleringsendring.*

Punkt 2.1.1 B): *Oppføring av bygning og anlegg som er naudsynt for slik drift er tillete. Største tillete grad av utnytting er %-BYA = 10 % (tillate bygd areal i % etter NS 3940)*

Vidare er det – i tråd med fylkesmannen si uttale - gjort endringar i planføresegnene punkt 4.2. B) og 4.3 B), slik at desse no har følgjande ordlyd:

Innan området kan det anleggast gangvegar om mogeleg med universell utforming. For å skåne terrenget og dei geologiske formasjonane/andre verneverdiane mest mogeleg, skal gangbanane byggast slik at dei ligg oppå bakken for å redusere inngrepa i terrenget. Det skal ikkje nyttast tekniske løysingar som medfører irreversible inngrep i dei kvartærgeologiske verneverdiane.

Dei kvartærgeologiske verneverdiane er i all hovudsak knytt til område KL1 og KL2. Endringa i planføresegnene som nemnt ovanfor er derfor ikkje gjort under punkt 4.4 (område KL3)

Når det gjeld omsyn til raudlisteartar må dette skje gjennom grundig detaljplanlegging av tiltaka.

Både Lom Fjellstyre og Jotunheimen Reiseliv har kome med framlegg om at det generelle reiselivet blir teke med i målformuleringa i planføresegnene. I tråd med dette er derfor kulepunkt 3 under ”Mål med reguleringsplanen” i planføresegnene endra slik:

- *tilrettelegging for næringsdrift knytt til Juvasshytta turisthytte spesielt og til reiselivet i området generelt*

I tråd med innspel under det opne informasjonsmøtet er arealet for Klimaløype KL1 redusert med 6,2 daa, slik at det omfattar ein mindre del av området omkring dei verneverdige kvartærgeologiske avsetningane. Likevel vil berre mindre deler av arealet bli omfatta av anlegg.

Når det gjeld område AT1 for forskings- og informasjonssenter (basecamp), er det særleg Juvasshytta som har merknader til dette i sine uttaler, men også Lom fjellstyre og Jotunheimen Reiseliv AS nemner dette punktet. Juvasshytta har eit klart ønskje om at område AT1 blir trekt ut av planen, og at desse funksjonane blir lagt til eksisterande bygningsmasse, eventuelt til eit nybygg i tilknytning til eksisterande tun på Juvasshytta. Fjellstyret skriv at det er viktig at det blir lagt til rette for forskingsinstitusjonane sitt arbeid gjennom eit forskings- og informasjonssenter, og at dette samtidig bør innehalde toalett- og sanitæranlegg. Jotunheimen Reiseliv AS oppmodar om ei god samhandling med Juvasshytta i det vidare arbeidet med fasilitetar, og ber om at det blir teke omsyn til eksisterande næring ved plassering av nye bygg.

Klimapark2469 skal no gå over frå prosjektfase til driftsfase, der Oppland Fylkeskommune, Norsk Fjellmuseum og Lom kommune vil stå som eigarar av eit aksjeselskap som vil bli etablert i løpet av kort tid. Ei løysing der Klimapark2469 i heile reguleringsplanen sin tidshorisont vil vere avhengig av dei fasilitetar som Juvasshytta til ei kvar tid kan tilby, vil vere lite tenleg for utvikling av klimaparken som formidlings- og forskingsarena. Det vil vere uheldig for Klimapark2469 AS med samarbeidspartar (undervisnings- og forskingsinstitusjonar) å vere så sterkt knytt opp mot ei privat turistbedrift. Ein reguleringsplan med tilstrekkeleg tidshorisont må derfor gje rom for etablering av eit eige portalbygg, forskings- og informasjonssenter. Plassering av eit forskings- og informasjonssenter i område AT1 tek omsyn til både landskap og andre brukarinteresser i området, dette går også fram av dei uttaler som er komne i høyringa. Område AT1 for forskings- og informasjonssenter bør derfor behaldast i planen.

Forskings- og informasjonssenteret skal ha funksjon som portal for klimaparken, med informasjon, billettsal, sanitæranlegg for besøkande osv. Juvflya/ vegen til Juvasshytta er ein av dei viktigaste innfallsportane til Jotunheimen, og frå verneområdeforvaltninga har det kome ønskje om at bygningen også gjev rom for allmenn informasjon om verneområdet. Samtidig er det kome innspel om at ein feltstasjon for klimaforskning kan knytast til dette bygget, slik at forskingsinstitusjonar som arbeider i området kan ha ein enkel base for sine aktivitetar.

Servering, overnatting for gjester osv, vil ikkje inngå i eit slikt bygg. Eit samarbeid med Juvasshytta om nødvendige fasilitetar for Klimapark2469 vil derfor vere nødvendig også på sikt.

Oppføring av eit slikt bygg som ein del av Klimapark2469 vil ikkje bli prioritert i dei første fasane av prosjektet. Etablering av tilrettelagt gangbane fram til istunnelen, formidlingsstasjonar i tilknytning til gangbana, tilrettelagt stig og utsiktspunkt mot Kjelen, og forlenging av istunnel med ny inngang djupare i fonna er alle element som vil bli prioritert framfor oppføring av eit bygg i område AT1.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Planframlegget er vurdert etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8 -12 i Naturmangfaldlova:

Naturmangfaldlova § 8 – kunnskapsgrunnlaget: Planframlegget byggjer på 6 konsekvensutgreiingar – m.a. konsekvensutgreiing for kvartærgeologi, for biologisk mangfald/ botanikk og for landskapsbilete. Kunnskapsgrunnlaget for planframlegget er derfor vurdert til å vere tilstrekkeleg, og det er ikkje sannsynleg at tiltaka i planframlegget vil påverke naturmangfaldet i området negativt.

Naturmangfaldlova § 9 – føre-var prinsippet: Sjå ovanfor. Planframlegget sine verknader for naturmiljøet er så grundig utgreidd at risikoen for alvorleg eller irreversibel skade på naturmiljøet blir vurdert som svært liten. Det aller meste av planområdet er lagt ut til landbruks-, natur-, friluftsområde samt reindrift med underformål naturvern, der verneverdiar knytt til kvartærgeologi og til biologi/ botanikk skal sikrast.

Naturmangfaldlova § 10 – samla belastning på økosystemet. Gjennomføring av tiltaka i planframlegget vil venteleg medføre ein vesentleg auke av ferdsel innanfor planområdet. Dei omsyn og tiltak som er planlagt for å redusere belastinga på naturmiljøet blir vurdert som tilstrekkelege. Ferdsel blir styrt gjennom bruk av gangbaner/ gangstiar. Løysingar som medfører irreversible inngrep i kvartærgeologiske formasjonar eller verneverdige plantesamfunn vil ikkje vere i tråd med planen. Planframlegget blir derfor ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

Naturmangfaldlova § 11 – kostnader p.g.a. skade på miljøverdiane skal dekkast av tiltakshavar: Sjå vurdering som er gjort for § 9. Konsekvensane av planframlegget er så grundig utgreidd at risikoen for skade på naturmiljøet blir vurdert som svært liten. Gjennom byggesaksbehandlinga vil det bli sett krav om at tiltakshavar skal fjerne installasjonar som ikkje lenger er i bruk.

Naturmangfaldlova § 12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar:

Alle element i planframlegget tek i stor grad omsyn til at det skal nyttast miljøforsvarlege teknikkar. Gangbaner blir bygt oppå bakken for å redusere inngrepa i terrenget. Det skal ikkje nyttast tekniske løysingar som medfører irreversible inngrep i dei kvartærgeologiske verneverdiane. Plassering av servicebygg og klimaløype er utgreidd i forhold til konsekvensar for landskapsbiletet. Føresegner for område avsett til avlaupsnett tek omsyn til dei spesielle problemstillingar knytt til forureiningsproblematikk i område med permafrost.

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Lom kommune forslag til ”Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469” med plankart og reguleringsføresegner datert 06.06.2011, og tilhøyrande planskildring og ROS-analyse datert 04.04.2011.

Saksprotokoll i Formannskap - 14.06.2011

Forslag frå formannskapet:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Lom kommune forslag til "Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469" med plankart og reguleringsføresegner datert 06.06.2011, og tilhøyrande planskildring og ROS-analyse datert 04.04.2011. Samrøystes.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 30.06.2011

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Lom kommune forslag til "Reguleringsplan for området ved Juvasshytta og Klimapark2469" med plankart og reguleringsføresegner datert 06.06.2011, og tilhøyrande planskildring og ROS-analyse datert 04.04.2011. Samrøystes.